Styremøte 21. oktober 2026

Felles rammeplan for lærarutdanningane

Status og vegen vidare

Vegard Fusche Moe, dekan

Kva har skjedd sidan mars?

1

Organisering på plass

Prosjektleiar og styringsgruppe med 16 medlemmer, studentar, tillitsvalde og praksisfeltet. To møte: 11.9 og 16.10.

2

Brei medverknad

Innspelsundersøking blant tilsette, møte på campus, partnarskapskonferanse 8.9 og fire webinar for tilsette og praksisfeltet.

3

Arbeidsseminar på Voss 1.–2.10

55 deltakarar i arbeidsgrupper for barnehage, grunnskule og vidaregåande. Lokale grupper på campusane er under etablering.

Justert etter innspel

Vedtak av studiemodellar er flytta til etter nyttår.

Styringsgruppa har slutta seg til revisjon av prosjektplanen og milepælane, grunna endringar både lokalt og i det nasjonale sporet.

Høgskulen på Vestlandet

Nasjonal prosess og HVL si tidslinje

	Hausten 2026	Våren 2027	Hausten 2027	2028	2029	2030
Nasjonalt	21.9: Høyringsnotat frå KD 21.12: Høyringsfrist NOU 2026: 10 Fellesskolen	11.1: Høyringsfrist rammeplan Våren: Ny rammeplan vert fastsett	1.8: Føreslått iverksetjing			Hausten: Siste opptak etter dagens rammeplanar (forslag)
HVL	1.–2.10: Voss November: Revidert prosjektplan til styringsgruppa	Etter nyttår: Vedtak av studiemodellar	15.9: Frist for akkreditering og vesentlege endringar 15.10: Frist for studieportefølje og nullopptak November: Styret vedtek porteføljen	Hausten: Første nye program		

Kva program som startar hausten 2028, og kva som kan starte seinare innanfor overgangsordninga, er ikkje avgjort.

Høgskulen på Vestlandet

Retning i arbeidsgruppene

Arbeidsgruppene er i gang, i ulik fase. Ingenting er avgjort.

Barnehage

Har starta med ein felles visjon og går no vidare til innhald.

Grunnskule

Fleire modellar vert vurderte, mellom anna samanhengande 1–10 og tettare samkøyring av 1–7 og 5–10.

Vidaregåande

Byggjer vidare på dagens PPU-modellar og samordnar med yrkesfaglærarutdanninga.

Før styringsgruppa gir råd

Konsekvensar for fagmiljø, økonomi, studentar og rekruttering skal vere greidde ut.

Høgskulen på Vestlandet

Strategiske spørsmål vidare

1. **Fleircampus:** Kva skal vere felles for HVL, og kva kan vere ulikt mellom campusane?

2. **Tempo, kvalitet og medverknad:** Skal alle program vere klare til 2028, eller nokre til 2029? Korleis kan HVL sikre tid til god medverknad frå fagmiljø, studentar og praksisfelt?

3. **Partnarskap:** Korleis innfrir HVL kravet om formaliserte, langsiktige partnarskap?

4. **Berekraft:** Korleis kan HVL sikre ein fagleg og økonomisk berekraftig portefølje på tvers av campus?